



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Fjalerhuset - kommunestyresalen
Dato:	28.05.2026
Tid:	Kl. 08:30

Medlemmer:	Parti
Espedal, Leif Jarle	AP
Naustdal, Ainor Fristad	AP
Nygaard, Kjersti Engvik	AP
Vagstad, Jostein	AP
Jarstad, Jostein	H
Myklebust, Kai Ronny	H
Stenseth, Svein-Martin Hovland	MDG
Taylor, Mark	MDG
Eimind, Marthe	SP
Engen, Randi Oddny	SP
Felde, Kjetil Høgseth	SP
Grytøyra, Maren	SP
Lammetun, Hans André	SP
Dingsøy, Lene Beate Furset	SV
Rundberg, Anna-Linnéa	UAVH
Brattelid, Ståle	V
Stølen, Christoffer Olai Klenevåg	V

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helle, Arve	AP	Loneland, Geir	AP
Hjartholm, Bjørn Helge	H	Buttedal, Tore	UAVH
Sande, Elisabeth Boge	H	Jørgensen, Malin Therese Madsen	H
Ness, Kjetil	SV	Kjøsnes, Jenny	SV
Haugsbakk, Marte	V	Osland, Arne	V
Stang, Gunhild Berge	V	Eiken, Ørjar	V

Merknader:

Ordføraren opna kommunestyremøtet med minneord om representant Odd Helge Aase (H), som gjekk bort 25. april 2026, etterfølgt av eitt minutt stille.

Presentasjon om Betre tidlig innsats ved BTI-koordinator Brite Wallevik Ness er lagt inn som ny referatsak etter møtet.

Møteleiar: Espedal, Leif Jarle

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____		_____

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel		ArkivsakID
032/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		26/929
033/26	Godkjenning av protokoll		26/929
034/26	Referatsaker		26/929
035/26	Orienteringar frå kommunedirektøren		26/929
036/26	Godkjenning av plan for Friluftlivets ferdsselsårer Fjaler		22/51
037/26	Trafikktryggingsplan 2026-2029 - vedtak av plan		24/1732
038/26	Kommunalt næringsavfall og slam - utvida eigenregi Sunnfjord Miljøverk. Tenestekontrakt og og revidering av selskapsavtale.		24/518
039/26	Opprykk kommunestyret og nyval av medlem til kontrollutvalet 2023-2027		25/1381
040/26	Skjenketider i samband med fotball VM 2026 - perioden 11. juni til 19. juli 2026.		25/104

032/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Innkalling og sakliste vert godkjende.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Varaordførar Marte Haugsbakk har forfall. Ordføraren gjorde framlegg om at Ståle Brattelid vert settevaraordførar i dette møtet.

Røysting settevaraordførar: samrøystes

Røysting godkjenning av innkalling og sakliste: samrøystes

KOM- 032/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

033/26: Godkjenning av protokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Protokoll frå siste møte vert godkjend.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 033/26 Vedtak:

Protokollen frå siste møte vert godkjend.

034/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg:
Referatsakene vert godkjende.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Orientering frå ordføraren:

- om vedtak i representantskapsmøte i Visit Fjordkysten og Sunnfjord
Etter signal frå kommunane om den økonomiske situasjonen gjorde styret framlegg om å redusere grunnbeløpet som kommunane betaler til 100 000 kr, og innbyggjarbetalinga til 35 kr per innbyggjar.

Fjaler kommune er per i dag eigar, men ikkje medlem i destinasjonsselskapet. Dersom kommunen blir medlem att, vil kostnadane vere reduserte med om lag 100 000 kr som følgje av vedtaket i representantskapsmøtet.

Det vil bli utarbeidd framlegg til ny avtale for Visit Fjordkysten og Sunnfjord, som vert lagt fram for kommunestyret.

- I kommunestyremøtet i juni vil det verte lagt fram sak om endring av møteplan der ein foreslår å flytte kommunestyremøte den 10.09.26 til fredag 11.09.26 grunna Teaterfestivalen.

Røysting: samrøystes

KOM- 034/26 Vedtak:

Referatsakene vert godkjende.

035/26: Orienteringar frå kommunedirektøren

Framlegg frå kommunedirektøren:

Kommunestyret tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitande.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunedirektøren informerte om:

- status pr 1. tertial 2026
- status og framdrift for arbeid med mål og satsingar
- status og framdrift for arbeid med omstilling og innsparing
- plan for vidare arbeid med utgreiing av skulestruktur
- status og framdrift for planarbeid, jf planstrategien.

Presentasjonen følgjer vedlagt til saka.

KOM- 035/26 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane frå kommunedirektøren til vitande.

036/26: Godkjenning av plan for Friluftlivets ferdselsårer Fjaler

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Plan for Friluftslivets ferdselsårer vert godkjent slik den ligg føre.

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 036/26 Vedtak:

Plan for Friluftslivets ferdselsårer vert godkjent slik den ligg føre.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunalsjef for kultur og samfunnsutvikling Ingeborg Tysnes møtte og svara på spørsmål.

Røysting: formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 036/26 Vedtak:

Plan for Friluftslivets ferdselsårer vert godkjent slik den ligg føre.

037/26: Trafikktryggingsplan 2026-2029 - vedtak av plan

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek Trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029.

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 031/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Mark Taylor (MDG) formidlar innspel frå Eldrerådet sitt møte den 06.05.26.

Røysting: formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 037/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Trafikktryggingsplan for Fjaler kommune 2026-2029.

038/26: Kommunalt næringsavfall og slam - utvida eigenregi Sunnfjord Miljøverk. Tenestekontrakt og og revidering av selskapsavtale.

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Fjaler kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.

Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Fjaler kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Fjaler kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025:

Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

07.05.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke som formannskapet si tilråding til kommunestyret.

FOR- 035/26 Vedtak:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Fjaler kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.

Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Fjaler kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Fjaler kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025:

Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM- 038/26 Vedtak:

Tenestekontrakt for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall i Fjaler kommune vert tildelt SUM IKS i medhald av utvida eigenregi, jf. FOA §§ 3- 2 jf. 3-1. Tidlegare tildelte einerettar for innsamling og handtering av kommunalt næringsavfall fell bort.

Det vert utan ugrunna opphald inngått ny tenestekontrakt mellom Fjaler kommune og SUM IKS for kommunalt næringsavfall. Administrasjonen får fullmakt til å inngå, forvalte og eventuelt fornye slik tenestekontrakt med SUM IKS på vegne av kommunen.

Fjaler kommune vedtek følgjande endring i SUM IKS si selskapsavtale, sist revidert 19. juni 2025: Ikrafttreding, selskapsavtalen s. 2 første avsnitt skal lyde:

"Selskapsavtalen er gjeldande frå tidspunkt for vedtaking i eigarkommunane sine kommunestyre".

039/26: Opprykk kommunestyret og nyval av medlem til kontrollutvalet 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunestyret tek til vitande at Bjørn Helge Hjartholm rykker opp frå 1. varamedlem til fast kommunestyremedlem for Høgre for resten av valperioden 2023-2027. Dei øvrige varamedlemmene rykker opp i den rekkefølga dei er vald.

Valutvalet sitt framlegg:

Valutvalet sitt framlegg om ny fast medlem frå Høgre til kontrollutvalet 2023-2027 vert lagt fram i møte.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Jostein Jarstad (H) frå valnemnda gjer framlegg om kandidat til fast medlem i kontrollutvalet for Høgre:

- Maria Sofie Åsnes

Røysting: kommunedirektøren sitt framlegg og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke

KOM- 039/26 Vedtak:

Kommunestyret tek til vitande at Bjørn Helge Hjartholm rykker opp frå 1. varamedlem til fast kommunestyremedlem for Høgre for resten av valperioden 2023-2027. Dei øvrige varamedlemmene rykker opp i den rekkefølga dei er vald.

Marie Sofie Åsnes vert ny fast medlem frå Høgre til kontrollutvalet for resten av valperioden 2023-2027.

040/26: Skjenketider i samband med fotball VM 2026 - perioden 11. juni til 19. juli 2026.

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Fjaler kommune opnar for midlertidig utvida skjenketid i samband med fotball VM 2026, avgrensa til kampar der Noreg spelar. Det skal søkjast om løyve for kvart enkelt arrangement, og dei vilkåra som er lista opp i saka må vere oppfylte før løyve kan givast.

Vedtaket gjeld med atterhald om at Stortinget vedtek den foreslått midlertidige endringa i alkohollova knytt til skjenketider under VM 2026.

28.05.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting: samrøystes

KOM- 040/26 Vedtak:

Fjaler kommune opnar for midlertidig utvida skjenketid i samband med fotball VM 2026, avgrensa til kampar der Noreg spelar. Det skal søkjast om løyve for kvart enkelt arrangement, og dei vilkåra som er lista opp i saka må vere oppfylte før løyve kan givast.

Vedtaket gjeld med atterhald om at Stortinget vedtek den foreslått midlertidige endringa i alkohollova knytt til skjenketider under VM 2026.